

Årsmelding 2004



Kåre Rommetveit, universitetsdirektør

Kvalitetsreforma solid forankra

I 2004 vart Kvalitetsreforma solid forankra gjennom ein stor og viktig innsats for undervisning og læringsmiljø ved alle fakulteta.

[les meir](#)



Kirsti Koch Christensen,
rektor

Innhald

UiB 2004

[Nye studieprogram og auka studentmobilitet](#)

[Høg aktivitet innan satsingsområda](#)

[Toppår for doktorgradar](#)

[Opne vindauge mot verda](#)

[Store gåver til forskning](#)

[Holbergprisen 2004 til Julia Kristeva](#)

[Bygger ut det digitale biblioteket](#)

[Store ombyggingsprosjekt i hamn](#)

[Tal for 2004](#)

Fakulteta

[Det historisk-filosofiske fakultet](#)

[Det juridiske fakultet](#)

[Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet](#)

[Det medisinske fakultet](#)

[Det odontologiske fakultet](#)

[Det psykologiske fakultet](#)

[Det samfunnsvitenskapelige fakultet](#)

[Bergen Museum](#)





Kåre Rommetveit, universitetsdirektør

Kvalitetsreforma solid forankra



Kirsti Koch Christensen, rektor

I 2004 vart Kvalitetsreforma solid forankra gjennom ein stor og viktig innsats for undervisning og læringsmiljø ved alle fakulteta. Resultata viser auka gjennomstrømming og mindre fråfall på lågare grad. Det er særst gledeleg at gjennomstrømminga på ex.phil. har auka frå 2003 til 2004.

Ein større del av forskingsfinansieringa er i dag konkurransebasert. For å nå fram i konkurransen har fagmiljøa i større grad enn tidlegare organisert forskingsaktiviteten og forskarutdanninga i integrerte, tverrfaglege forskingsgrupper. Det er ei viktig utfordring for universitetet å finne gode løysingar som både kan ta omsyn til krava til institusjonen si faglige breidde, og til ønsket om framifrå kvalitet i utdanning og forskning i både små og store miljø. Universitetet har i 2004 satsa sterkt på deltaking i EUs 6. rammeprogram, og har som einaste norske forskingsinstitusjon fått innvilga koordinatoransvaret for to store integrerte prosjekt - innan kreft- og klimaforskning.

Universitetet i Bergen ønskjer å styrke den faglege leiinga ved å tilsette leiarar med vide fullmakter på instituttnivå. Ni institutt har i løpet av 2003 og 2004 etablert nye styrings- og leiingsformer.

Året 2004 fekk ei særst gledelig avslutting med den store gåva frå Trond Mohn til etablering av Bergens forskningsstiftelse. Gåva er både ein inspirasjon og ei forplikting for dei tilsette ved Universitetet i Bergen.



Nye studieprogram og auka mobilitet



Aldri før har så mange studentar frå UiB reist på utveksling til utlandet som i 2004. Tyskland er det landet som får flest studentar frå UiB, og også det landet som sender flest studentar tilbake. Men ser ein på byar, er Cape Town for tida den klart mest populære, med København, Berlin og Kairo på delt annanplass. Bildet er frå University of Cape Town.

Nye studieprogram er innført og studentmobiliteten har aldri vore større enn no

Det er utvikla fem nye treårige bachelorprogram, i human ernæring, pedagogikk, helsefremjandende arbeid, generell psykologi og journalistikk. I tillegg er det utvikla tre nye toårige masterprogram: Biologi – anvend fysiologi, Matematikk – bildebehandling, og Matematikk – topologi. Programma har opptak første gong i 2005.

Godt læringsmiljø

Eit fleirtal av studentane opplever at dei har godt samkvem med medstudentane og lærarane sine, viser ei elektronisk spørjeundersøking gjort av Læringsmiljøutvalet (LMU). I tillegg viste undersøkinga at dei fleste av studentane seier at dei har valt riktig studium, at de følgjer planlagd studieprogresjon, at dei opplever studia som utfordrande og arbeidskrevjande, at de meistrar dei faglege krava og at dei trivst sosialt i fagmiljøet sitt.

Auka internasjonal studentmobilitet

Aldri før har så mange studentar frå UiB reist på utveksling til utlandet som i 2004. 386 studentar var på utvekslingsopphald som varte tre månader eller meir. Det er ein auke på 39 prosent frå 2003. Utveksling er eit uttala satsingsområde for UiB sentralt, og beredskapsplanen for UiB-studentar i utlandet er fullstendig implementert. "Verdensrommet", som tilbyr informasjon og oppfølging av UiB-studentar som ønskjer å dra på utveksling, blei brukt av langt fleire studentar i 2004 enn tidlegare.

Organisering og sørvisnivå for innreisande studentar er gjennomgått, og det er innført ei sørviserklæring for alle internasjonale UiB-studentar. Mobiliteten gjennom utvekslingsavtalar og program auka med ca. 20 prosent for innreisande studentar frå 2003 til 2004.

Universitetsstyret vedtok i 2004 målsetjingar for – og ein plan for organisering av – internasjonal studentmobilitet ved UiB. I følgje planen skal studentmobiliteten ved UiB organiserast etter ein sentral-grunnivå-modell. Mellom anna som følgje av vedtaket er det tidlegare "prosjektet for økt studentutveksling (PØS)" lagt inn som ein del av den ordinære verksemda ved Utdanningsavdelinga.

I 2004 er det fokusert særskilt på å leggje til rette for auka utveksling innan Europa. Det blei arrangert delegasjonsreiser til England, Nederland, Belgia, Frankrike, Italia, Tsjekkia, Slovakia, Polen, Ungarn, Tyrkia, Sør-Afrika og Uganda, med deltaking frå fakultet og studieprogram. UiB underteikna ei lang rekke nye utvekslingsavtalar i og utanfor Europa.

IKT-støtte og annan studentsørvis

I Studentportalen får studentane generell informasjon om UiB og om undervisningstilbodet. I tillegg har alle registrerte studentar si eiga "Mi side", med timeplan, pensumlistar, studieplanar og meldingar som gjeld dei emna dei studerer. Tenesta hadde i gjennomsnitt ca. 8000 daglege brukarar i 2004. Om lag 700 av i alt 1200 aktive emne kvart semester, nytta portalen til å leggje ut førelesingsplanar og anna

undervisningsmateriell. Emne som ønskjer eit sterkare pedagogisk verkty for oppfølging av studentane, fekk tilbod om å nytte læringsstøttesystemet Classfronter. Haustsemesteret 2004 nytta 40 emne Classfronter aktivt i undervisninga.

Tettare oppfølging av studentane står sentralt i kvalitetsreforma. I tillegg til den faglege oppfølginga er det vedtatt at studentar som manglar 30 studiepoeng eller meir i høve til utdanningsplanen, skal bli kontakta og inviterte til rettleiing med sikte på å lage ny utdanningsplan. Utdanningsavdelinga koordinerer dette arbeidet. Det blir og arbeidd med å sikre at berre reelle studentar får høve til å ha studierett ved UiB.

Fleire eksamenar og betre resultat

Som følge av kvalitetsreforma er alle faga no delte opp i fleire mindre emne. Trass i at fleire av emna ikkje har tradisjonell eksamen, har oppdelinga ført til auke i eksamensarbeidet. Talet på eksamensmeldingar auka frå om lag 63 000 i 2003 til 68 000 i 2004. Ein større del av dei som melde seg, møtte til eksamen. Strykprosenten gjekk ned frå 9 prosent i 2003 til 7,8 prosent i 2004. Summen av avlagde studiepoeng gjekk likevel litt ned ved UiB i 2004 (10401) samanlikna med 2003 (10522). Ei viktig medverkande årsak til dette er at 2003 var eit overgangsår der nokre studentar gjorde seg ferdige med større fageksamenar i eitt semester og tok emneeksamenar i neste semester.

Studentrekruttering

UiB sin handlingsplan for studentrekruttering blei følgt opp i 2004. UiB var til stades på ni utdanningsmesser og vitja ca. 120 vidaregåande skular og folkehøgskular i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

I tillegg arrangerte UiB fylkesvise samlingar med rådgjevarar i dei vidaregåande skulane på Vestlandet. Det blei arrangert samlingar i Molde, Førde, Bergen og Stavanger. Totalt deltok ca. 160 rådgjevarar på samlingane. Her fekk dei informasjon om nye studieprogram, endringar som følgje av kvalitetsreforma, kvalitetssikring og utveksling. I tillegg var innhaldet i og samansetjinga og oppbygginga av UiB sine 5-årige integrerte lærarutdanningsprogram eit sentralt tema på samlingane.

Opptak og mottak

Totalt var det 7553 søkjarar som hadde Universitetet i Bergen som sitt førsteval ved hovudopptaket hausten 2004, mot 6549 på same tid i 2003.

I 2004 blei det tatt opp 6290 studentar ved UiB, derav 1052 med utanlandsk statsborgarskap. Alle dei norske studentane som ønskte det, blei tatt opp på seminarmodellen til Examen philosophicum, og fordelte på seminargrupper. Totalt blei 2198 studentar påmelde til seminarmodellen.

Det blei gjennomført introduksjonsveke for dei internasjonale studentane både vår og haust. Nye studentar, både norske og internasjonale, fekk eit samla mottak i Grieghallen og på fakulteta hausten 2004. Mottaket la vekt på informasjon og sosial integrering, mellom anna gjennom ei tilrettelagt mottaksveke og tilbod om deltaking i faddergrupper.

Internasjonalt samarbeid

EU-kommisjonen sette i verk eit nytt stipendprogram i 2004, kalla ERASMUS MUNDUS. Europeiske lærestader i EU/EØS-området (minst tre) kan skipa konsortium og tilby ERASMUS MUNDUS masterprogram. Programma skal godkjennast av EU-kommisjonen for at studentar utanfor Europa skal få studiestøtte til å delta i dei. I ein knivskarp konkurranse blei 19 ERASMUS MUNDUS masterprogram godkjende i første søknadsrunde. Av desse er UiB medlem i to konsortium: European Master of Science Programme in International Health, og European Joint Master in Water and Coastal Management

Elektronisk timeplan

Timeplan- og rombestillingssystemet Syllabus Plus blei første gong nytta ved UiB ved planlegginga av haustsemesteret 2004. Om lag 4700 aktivitetar knytte til emne vart timeplanlagde denne hausten. Alle fakulteta var med i timeplanlegginga, men for MED var den kliniske delen av studiet unnateke. Systemet skal vidareutviklast våren 2005.

Opplegg for kvalitetssikring

Frå 2004 skulle alle norske utdanningsinstitusjonar ha eit system for å sikre kvaliteten ved dei utdanningane som blir tilbydd. Universitetsstyret ved UiB vedtok sitt opplegg for kvalitetssikring i februar. Her blei og studentane sitt bidrag til kvalitetsutvikling gjennom studentevalueringar av undervisninga slått fast. Kvalitetssikringssystemet blei presentert i ei eiga handbok våren 2004: "Handbok for kvalitetssikring av universitetsstudia". Boka blei trykt i nytt opplag hausten 2004, med norsk og engelsk tekst, og distribuert til fagmiljøa.

Høg aktivitet innan satsingsområda



Marin forskning er eit av to strategiske hovudsatsingsområde ved UiB. MAR-ECO-prosjektet fekk i 2004 Forskringsrådet sin pris for framifrå forskingsformidling.

Langsiktig satsing på forskning og fagleg breidd

Marin forskning er eit av to strategiske hovudsatsingsområde ved UiB. Saman med institusjonar som Havforskningsinstituttet, Norsk institutt for ernæring og sjømatforskning (NIFES), Fiskeriforskning og Nansensenteret for fjernmåling, utgjer UiB eit kraftsentrum innan marin forskning og utdanning, også i internasjonal målestokk. I 2004 inngikk UiB institusjonelle samarbeidsavtalar med både Havforskningsinstituttet og NIFES. På nasjonalt plan er UiB delaktig i planlegging av eit stort felles nasjonalt rederi for havgåande forskingsfartøy.

I 2004 vart det oppretta ein eigen forskarskule i marinbiologi ved Institutt for biologi. Vidare fekk Instituttet i 2004 tildelt ansvaret for eit nyoppretta Nordic Marine Academy (NMA), som er ein forskarskule og eit nordisk forskingsnettverk fullfinansiert av NordForsk og NAF (Nordisk arbeidsgruppe for fiskeriforskning). Meir enn 30 nordiske universitet og forskingsinstitutt er medlemmar.

MAR-ECO-prosjektet, eit samarbeid mellom UiB og Havforskningsinstituttet om djupvassforskning i Atlanterhavet, fekk i 2004 Forskringsrådet sin pris for framifrå forskingsformidling.

Av spesielle forskingsresultat innan marine fag i 2004 kan nemnast at UiB, i samarbeid med The Institute for Genomic Research, var ansvarleg for sekvenseringen av genomet til den metan-etande bakterien *Methylococcus capsulatus*. Bakterien er viktig for produksjon av biomasse frå metan. Vidare hadde UiB fleire banebrytande artiklar i Nature og Science innan marine fag, mellom anna frå Sarscenteret.

I 2004 fekk UiB tilgang på sin andre ROV (Remotely Operated Vehicle). Denne ROV-en kan fraktast med fly, og dermed kan UiB involvere seg i djupvassforskning over heile kloden. Forskarar ved UiB er med i ei rekke internasjonale fellesprosjekt, så som "Integrated Ocean Drilling Project" (IODP), "Biodeep", "Neptune", "MOMAR" og "SUBMAR".

Utviklingsforskning: Nilen og Uganda

Utviklingsforskning er det andre av UiB sine to strategiske hovudsatsingsområde innan forskning. I 2004 lykkast det UiB å få på plass avtalen for "Nile Basin Research Programme" med Utenriksdepartementet/NORAD. Dette er eit stort gjesteforskarprogram som går inn som ein viktig komponent i det som blir kalt "Nile Basin Initiative", der dei ti Nil-landa har gått saman om å finne fram til ein rettferdig og bærekraftig utnytting av vassressursene i Nilen og ei integrert vassressursforvaltning i regionen. UiB vil gjennom "Nile Basin Research Programme" bidra til oppbygginga av ein betydeleg forskingskompetanse- og kapasitet for landa i Nilen-bassenget, ved at eit stort tal gjesteforskarar og

postdoktorar frå desse landa vil få tilgang til den forskingskompetanse og dei forskningsfasilitetar som finst ved UiB når det gjeld miljø- og ressursforvaltning av vatn.

I november 2004 blei det avholdt workshop i Uganda som evaluerte samarbeidet mellom Makerere University og UiB i lys av rammeavtalen frå 1999. Samarbeidet er i dag omfattande innan forskning, utdanning og utveksling av forskarar, kandidatar i forskarutdanning, studentar og administrativ stab.

Sentre for framragande forskning

I 2003 starta UiB sine tre sentre for framragande forskning (SFF): Centre for Medieval Studies (CMS), Centre for Integrated Petroleum Research (CIPR) og Bjerknes Centre for Climate Research (BCCR). Under Forskingsrådet sin *site visit* 14.1.2004 meldte sentra at oppstarten har gått etter planen, både fagleg og administrativt. Dei tre sentra har vore aktive med å hente inn ytterlegare forskingsmiddel frå nasjonale og internasjonale kjelder. BCCR har vore spesielt aktiv i høve til EU, CIPR i høve til industrien og PETROMAKS-programmet (NFR-finansiert). CMS er med i finalen i konkurransen om utvelging av Nordic Centre of Excellence i humaniora/samfunnsvitenskap i regi av NorForsk.

Langsiktig satsing

Universitetsstyret vedtok i møte 25.11.04 ny forskingsstrategi for UiB, 2005-2010. Strategien slår fast at UiB skal vere eit forskingsuniversitet og satse langsiktig på basale, disiplinbaserte miljø, på fagleg breidd og på internasjonalt profilerte fagmiljø med spisskompetanse på tematiske problemstillingar.

Det er ei målsetting å få fram nye, lovande forskingsmiljø og forskningstema, samt å identifisere nye satsingar innanfor UiB sine forskingsmiljø med potensial til å bli internasjonalt leiande på sine område. Langsiktig satsing medfører at UiB må ha gode og dynamiske prosedyrar for å sikre at det kan etablerast nye satsingsområde og skapast gode karrieremoglegheiter for neste generasjons forskarar.

Toppår for doktorgradar



2004 var eit rekordår. Aldri føre har så mange kandidatar forsvart doktorgraden ved UiB. Bildet er frå den årlege doktorpromosjonen i Håkonshallen.

I 2004 forsvarte 159 nye kandidatar doktorgraden sin ved Universitetet i Bergen. Det er det høgste talet nokon gong.

Forskarutdanning er eit satsingsområde for UiB. Eit institusjonelt rammeverk for PhD-graden er på plass og vil medverke til å styrke kvaliteten og produksjonen i forskerutdanninga, noko som vil vere ei av UiBs viktigaste oppgåver dei næraste åra. Gjennom ordninga med ein felles PhD-grad ved UiB, med felles reglement og rammeverk for alle fakulteta, blir det lagt til rette for å bryte ned den fakultære avgrensinga av forskarutdanninga og stimulere tverrfagleg samarbeid om forskarutdanninga, både mellom fagmiljø innanfor fakulteta, mellom fagmiljø ved ulike fakultet, og også ved samarbeid med sentre og eksterne institusjonar i Noreg og utalands.

I 2004 blei det etablert fleire ulike forskarskuler ved UiB, mellom anna innan:

- Internasjonal helse
- Integrert nevrovitskap
- Intelligente detektorar (fysikk)
- Språkvitskap og filologi
- Marinbiologi

Opne vindauge mot verda



UiB deltek i ei rekkje internasjonale forskingsprogram. Som hittil einaste norske forskingsinstitusjon har UiB fått koordinatoransvaret for to store integrerte prosjekt i FP6. Desse starta opp 01.11.04 (kreftforskning) og 01.01.05 (klimaforskning).

UiB deltek i ei rekkje internasjonale forskingsprogram og arbeider vidare med næringsutvikling og kommersialisering av forskingsresultat.

UiB har i 2004 satsa sterkt på deltaking i EU sitt sjette rammeprogram (FP6). Innan utgangen av 2004 var det sendt inn totalt 123 søknader til FP6. Til no har i overkant av 30 prosjekt fått tildeling, og i 22 av desse vart det inngått formell kontrakt med Kommisjonen innan utgangen av 2004. Åtte av desse prosjekta er koordinerte frå UiB.

Som hittil einaste norske forskingsinstitusjon har UiB fått koordinatoransvaret for to store integrerte prosjekt i FP6. Desse starta opp 01.11.04 (kreftforskning) og 01.01.05 (klimaforskning). Vår totale suksessrate ligg på om lag 25 prosent, men den er høgare på prosjekt vi koordinerer. Universitetet deltar også i seks strategisk viktige Networks of Excellence, samt fleire nettverk for forskingsinfrastruktur. Hovudtynga av prosjekta er relatert til IKT, medisinsk/basalbiologisk forskning, samt klimaforskning. Den totale UiB-porteføljen for prosjekta er på om lag 10 millionar Euro og gjeld for åra 2004-2010.

I 2004 fekk UiB to koordinerte prosjekt innan internasjonal helse, samt koordinering for eit nytt nettverk av "training sites" for forskaropplæring innan autoimmune sjukdomar. UiB fekk dette året også godkjend ein prekvalifiseringssøknad til eit anna større koordinert prosjekt innan klimaforskning, som har frist for fullstendig søknad i mars 2005.

UiB deltek også i andre program finansiert av Kommisjonen. UiB leier eit prosjekt under European University Associations som er i ferd med å kartlegge og samanlikne doktorgradsutdanninga i ulike land i Europa. Universitetet leier eit av seks underprosjekt som omhandlar innovasjon i doktorgradsutdanninga, og som involverer ti andre europeiske universitet.

Universitetet deltek også i totalt fire prosjekt innan Culture 2000, Socrates og Leonardo.

Verdsfemnande nettverk

UiB blei i januar 2004 formelt antatt som nytt medlem i Worldwide Universities Network (WUN). Dette er ei samanslutning av gode forskingsuniversitet i USA, Europa og Kina, der formålet er å fremme forskingssamarbeid og utvikle nye prosjekt mellom medlemsuniversiteta. Det finst i dag om lag 60 større forskingsprosjekt innanfor nettverket, der fleire inngår i store tematiske forskingsprogram -

"Grand Challenges". UiB deltar i forskingssamarbeid innanfor klima, biogeokjemiske prosessar, GRID-teknologi, bioinformatikk, middelalderstudium m.m.

Potensialet for fagmiljøa på UiB til å bruke WUN-universiteta som strategiske internasjonale forskingspartnerar er stort.

Åpning mot øst og vest

UiB har fått tildelt 1,6 MNOK frå Forskringsrådet for 2004-2005 til stimulering av nytt samarbeid med USA, Canada, Frankrike, Tyskland, Kina og Japan. Desse midla vert retta mot viktige strategiske område for universitetet, slik som marin forskning, nanovitskap og medisin, etter strenge kriterium fastsett av Forskringsrådet og involverte departement (UFD og NHD).

Nordiske nettverk

Biologisk institutt ved UiB fekk i 2004 ansvaret for koordinering av eit større forskarakademi innan marinbiologi, Nordic Marine Academy (NMA). Akademiet vil vesentleg styrke det nordiske samarbeidet om forskarutdanning innan marinbiologi.

UiB deltok i søknader om nordiske nettverk innan språkteknologi og middelalderforskning, der begge er gått vidare til andre runde med frist for full søknad i 2005.

Lokalt samarbeid

UiBs forskingsstrategi legg vekt på å styrke langsiktig institusjonelt samarbeid i Vestlands-regionen og bergensområdet, spesielt om forskning og innovasjon. UiB har i 2005 inngått samarbeidsavtalar med Havforskningsinstituttet (HI), Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning (NIFES) og Helse Bergen.

Kommersialisering av forskingsresultat

I 2003 fekk universiteta utvida sine oppgåver med å medverke til næringsutvikling og kommersialisering av forskingsresultat.

Teknologioverføringskontoret ved UiB (UiB TTO) har i 2004 arbeidd tett med kommersialiseringseiningar i Bergen, som Sarsia Innovation AS, ForInnova AS og InnoVest AS. Selskapet har arrangert konferansar og seminar i samarbeid med desse aktørane, retta mot forskarar og studentar. Nasjonalt har UiB TTO hatt samarbeid med andre TTO-kontor via samlingar som Forny Forum og TTO fellesmøte. Slikt samarbeid har gjort kunnskaps- og erfaringsutveksling og tilgang til breiare kontaktnettverk mogleg.

Bergen Teknologioverføring AS (BTO AS) blei stifta 22.12.04, utleia av samarbeid mellom UiB TTO, Helse Bergen og Havforskningsinstituttet. Tre idéutviklarar skal dekke infrastrukturarbeidet mot dei tre eigarane og etablere eit nettverkssamarbeid med dei andre aktørane: Høgskolen i Bergen, NIFES, Christian Michelsen Research og Unifob.

I første omgang vil BTO AS legge vekt på informasjonsverksemd og oppbygging av relasjonar. Det blir lagt opp til omfattande og synlege aktivitetar som kan bidra til å etablere kontakt mellom forskingsmiljø, industri og kapital.

Store gaver til forskning



22. desember blei det kjend at Trond Mohn ga 250 millioner kroner i g ve til Universitetet i Bergen. G va f yer seg inn i rekka av store g ver fr  Trond Mohn og Frank Mohn AS til forskingsf rem l i Bergen. Fr  venstre: Trond Mohn, rektor Kirsti Koch Christensen og universitetsdirekt r K re Rommetveit.

Mohn-g ver til forskning p  hav og kreft

22. desember blei det kjend at Trond Mohn ga 250 millioner kroner i g ve til Universitetet i Bergen. Dette ga grunnlag for opprettinga av Bergens forskingsstiftelse, som har som f rem l   st tte forskning og forskingsfremmande tiltak ved UiB. I tillegg kan midlar ogs  tildelast forskingsprosjekt ved Haukeland Universitetssjukehus.

20. oktober 2004  pna det nye havforskningscenteret: Mohn-Sverdrup senter for globale havstudium og operasjonell oseanografi. Senteret er ein del av Nansensenteret og kom i stand etter ei privat g ve p  25 mill. kroner fr  Frank Mohn AS. Senteret har som form l   gi viktige bidrag til nasjonal og internasjonal havforskning og havvarsling.

Ei g ve p  50 mill. kroner fr  Frank Mohns stiftelse gjorde det mogleg   f  tak i Noregs f rste PET-skanner til UiB og Haukeland Universitetssjukehus. (PET=positronemisjonstomografi.) PET-scanneren vil vere viktig for b de forskning og diagnostikk p  ei rekke medisinske omr de, spesielt i forhold til kreft. Den vil ogs  gi moglegheiter til   drive forskning i skj ringspunktet mellom teoretisk og anvendt forskning b de ved helsefakulteta og innanfor fysikk, og ved Christian Michelsen Research (CMR).

Tidligere har Trond Mohn gitt 50 mill. kroner til medisinsk translasjonsforskning – forskning som tar sikte p  knytte saman basal og klinisk forskning. Middel fr  Bergen medisinske forskingsstiftelse skal ogs  kunne brukast til tiltak som styrker rekruttering av s rskilt kvalifiserte forskarar til medisinsk forskning i Bergen

Første Holbergpris til Julia Kristeva



Den første Holbergprisen vart tildelt Julia Kristeva, for hennar nyskapande arbeid omkring problemstillingar i kryssingsfeltet mellom språk, kultur og litteratur.

Holbergprisen 2004 tildelt Julia Kristeva

Den første Holbergs internasjonale minnepris for framifrå vitskapeleg arbeid innanfor samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi, vart 3. desember 2004 tildelt professor Julia Kristeva. Kristeva får Holbergprisen 2004 for sitt nyskapande arbeid omkring problemstillingar i kryssingsfeltet mellom språk, kultur og litteratur. Hennar arbeid har vore særst viktig for feministisk teori, og har hatt stor internasjonal påverkjingskraft i mange fag innanfor humaniora og samfunnsvitenskap.

- Med den eksepsjonelle akademiske kvaliteten og den uvanleg tverrfaglege forskinga Kristeva representerer, er ho ein forskar som i sjeldan mon personifiserer dei faglege kvalitetane som Holbergprisen ønskjer å sette fokus på, sa styreleiar for Ludvig Holbergs minnefond, Jan Fridthjof Bernt, ved utdelinga.

Over 350 personar var tilstades då Holbergprisen inviterte til fagleg seminar 2. desember, der Kristeva føreleste under tittelen "Thinking liberty in dark times". Seminaret inneheldt også innlegg og debatt med deltakarar frå USA, England, Sverige og Noreg.

Nils Klim-prisen til Claes de Vreese

Fredag 3. desember mottok kommunikasjonsforskarer Claes de Vreese den aller første Nils Klim-prisen på 250.000 norske kroner frå Ludvig Holbergs minnefond. Statsråd Kristin Clemet sto for utdelinga av prisen, som skal gå til yngre nordiske forskarar som har kome med viktige bidrag innanfor eitt eller fleire av fagområda humaniora, samfunnsvitenskap, juss og teologi. Til dagleg arbeider de Vreese ved Institutt for kommunikasjonsforskning ved Universitetet i Amsterdam. I ein alder av berre 30 år har han allereie ein omfattande vitskapeleg produksjon bak seg. Han arbeider med politisk kommunikasjon i vid forstand, med særleg vekt på europeisk integrasjon.

Om Holbergprisen og minnefondet

Ludvig Holbergs minnefond vart oppretta 1. juli 2003, etter vedtak i Stortinget. Minnefondet hadde ved etableringa ein fondskapital på 200 millionar norske kroner. Den årlige avkastinga går til Universitetet i Bergen, som står ansvarlig for tildeling til prisvinnaren, og for disponering av midlane elles.

Føremålet med prisane er å heve statusen til desse faga i samfunnet, og dessutan stimulere barn og unge til å bli interesserte i fagområda.

Holbergprisen i skulane

Gjennom samarbeid med skuleverket ønskjer Holbergprisen å medverke til forståing, engasjement og entusiasme for samfunnsfag, humaniora, juss og teologi.

For å realisere desse målsettingane, starta Holbergprisen eit samarbeid med 6 vidaregåande skular frå hele Noreg. Skulane utforma eigne faglege opplegg knytt til temaet "Lik rett for alle?" Døme på tema skulane arbeidde med i 2004 var: "Lik rett for alle - også i Darfur, Sudan?", "Slaveri", "Menneskerettar i ein krigssituasjon", "Religionsfridomen sine grenser i skulen" og "OL og menneskerettar". De 8 elevane og 4 lærarane som vart inviterte til finaledagane i Bergen, fekk møte prisvinnarane, deltok på utdelinga og banketten, og hadde fagleg seminar med vinnaren av Nils Klimprisen, Claes de Vreese.

Universitetsbiblioteket i Bergen



I 2004 gjekk UB saman med AKSIS, Historisk institutt og MENOTA i eit prosjekt for å digitalisere ein stor del av biblioteket si samling av gamle diplom, altså eldre rettslege dokument. Bildet viser eit diplom frå 1640, og handlar om odelsretten til gården Havskår i Fusa.

Byggjer ut det digitale biblioteket

Universitetsbiblioteket (UB) har som hovudoppgåve å yte tenester for forskning, undervising og formidling ved Universitetet i Bergen. I kor stor grad UB lukkast, kan ein måle ved å sjå på bruken av UB sine tenester. I 2004 var det ein auke av bruken av alle dei viktigaste UB-tenestene.

Kraftig auke i besøkstalet

Det var ein kraftig auke i talet på besøk ved UB sine avdelingar (16,5 prosent), det var ein mindre auke i fysiske lån (0,5 prosent) og det var ein kraftig auke (om lag 50 prosent) i talet på nedlastingar frå nettet av elektroniske fulltekstdokument som UB abonnerer på. Slike nedlastingar erstattar lån i form av artikkelkopiar o.l. Bruken av UB sine samla ressursar, både trykte og elektroniske, hadde ein auke på om lag 20 prosent frå 2003 til 2004.

Fleire elektroniske ressursar

Dei siste åra har utviklinga gått meir og meir mot elektroniske tenester og ressursar. I 2004 vedtok UB sitt styre ein plan for overgang frå trykte til elektroniske informasjonsressursar ved UiB. Dette året hadde UB for fyrste gong fleire elektroniske enn trykte tidsskriftabonnement (8684 mot 8604). I 2004 kom UB og for alvor i gong med å kjøpe inn elektroniske bøker.

I tillegg har arbeid med å digitalisere eldre verdfulle samlingar halde fram. M.a. er vel 2.500 bilete digitaliserte ved Biletsamlinga, og UB kom i 2004 saman med AKSIS, Historisk institutt og MENOTA med i eit samarbeidsprosjekt for å digitalisere ein stor del av UB si samling av gamle diplom.

Læringscenter ved alle fakultetsbiblioteka

Som ein del av kvalitetsreforma ved UiB vart det i 2004 etablert læringscenter med PC-tilbod, tilgang til Internett, osv., ved Det medisinske og Det samfunnsvitskaplege fakultetsbibliotek. Dermed er det nå kome i drift læringscenter ved alle fakultetsbiblioteka. Det ser ut til å vera ein klår samanheng mellom etablering av læringscenter og dei aukande besøkstala ved UB.

UB legg stor vekt på å få til eit godt fagleg innhald i læringscentra, i tillegg til tilbod om PC-arbeidsplassar mv. I samarbeid med Universitetsbiblioteket i Ålborg er det utarbeidd eit kurs i informasjonskompetanse for nye studentar. Det er gjort mykje for å få til eit nært samarbeid med fagmiljøa, og det er og etablert samarbeid med biblioteka ved Høgskolen i Bergen og NHH innan dette feltet.

Det er gjennomført fleire tiltak for å auke kompetansen til dei tilsette ved UB, med serleg vekt på styrking av informasjonskompetanse og pedagogisk kompetanse i samband med etablering av læringscenter.

Elektronisk publisering

UB har i fleire år vore med på å utvikle eit program og tilbod for elektronisk publisering ved UiB. I 2004 vart det særleg arbeidd med å etablere Bergen Open Research Archive (BORA), som vart offisielt opna 15. november. Prosjektet har som målsetting å "gi sikker, digital langtidslagring av UiBs produksjon av kvalitetsvurderte forskningsarbeider, gjøre forskningsarbeider gratis tilgjengelig for alle via web".

UB har og deltatt aktivt i arbeid med å etablere ein felles bibliotekportal for dei fire universitetsbiblioteka i Noreg. Naudsynt programvare er kjøpt inn og arbeid med implementering er i gang.

Flytte- og ombyggingsprosjekt

Ombygging av Haakon Shetelig's plass 7 til HF-fakultetsbibliotek vart fullført hausten 2004. Arbeidet med å få på plass litteraturen starta ved årsskiftet, og vil ta om lag eit halvt år, slik at det "nye" HF-fakultetsbiblioteket kan opne for publikum hausten 2005.

Europeisk dokumentasjonssenter har flytta og vart opna att ved Det juridiske fakultetsbibliotek i februar.

Internasjonalt samarbeid

Spesialsamlingane fekk i 2004 14.000 € i stønad frå Leonardo da Vinci-programmet under EU, til prosjektet "Keeping Memory Alive" - saman med Universitetsbiblioteket ved Transilvania University of Brasov, Romania, og eit britisk universitetsbibliotek.

Bibliotekar Prisca Tibenderana frå biblioteket ved Makerere University, Kampala, Uganda, gjennomførte eit studieopphald ved UB i tre månader våren 2004, som ein lekk i samarbeidsprogrammet mellom Makerere University og UiB.

UB hadde i 2004 eit nært samarbeid med University of Glasgow om å skaffe og ta i bruk programvare til felles bibliotekportal for de fire universitetsbiblioteka i Norge.

Store ombyggingsprosjekt i hamn

2004 var eit år med stor byggeaktivitet ved UiB, både med prosjekt i eigen regi og prosjekt i regi av Statsbygg.

Ombygginga av UB til fakultetsbibliotek for HF-fakultetet vart ferdigstilt i 2004. Dette er det største prosjektet UiB sjølv har styrt, med 6373 m² involvert og ei kostnadsramme på 95 millionar.

I tillegg har Eigedomsavdelinga hatt større prosjekt ved ombygging av to etasjar i Herman Foss gt. 6 (Inst. for økonomi), ombygging av to etasjar i Fosswinckelsgt. 6 (Inst. for geografi og Inst. for informasjons- og medievitskap), ombygging av grupperom for Inst. for informatikk i 1. etg. i Høyteknologisenteret, ny spesialistklinikk for odontologi i 3. etg. i Årstadv. 17, og etablering av mellombels lokale i samband med utflytting frå Studentsenteret.

Avdelinga har også lagt ned store ressursar i planlegging av nytt Studentsenter, programmering og prosjektering av nytt Odontologibygget, planlegging av nybygg for biofag på Marineholmen og programmering av nytt lab.-bygg ved Haukeland universitetssjukehus.

Status for eigd areal pr. 31.12.2004: ca. 299.000 m². I tillegg kjem ca. 52.000 m² innleigd areal. Utleigd areal er ca. 8.000 m².

I 2004 vart det brukt ca 12,5 millionar på planlagt vedlikehald. Av større tiltak som vart utført, var ferdigstilling av isvassanlegg (kjøleanlegg) i Realfagbygget, utskifting av vindauge på Allègt. 55 og HF-bygget, samt ny tilrettelegging av ariet ved Sydneshaugen skole. Arbeidet med prosjektering av nytt ventilasjonsanlegg i HF-bygget vart starta opp.

Campusbussen sette ny passasjerrekord i 2004 med 10 982 passasjerar, ein auke på 11 prosent i høve til 2003.

Brannokumentasjon revidert

Ny avtale er inngått med Securitas om områdevakthald på UiB sine eigedommar. Avtalen er utvida til å gjelde vakthald 24 timar i døgnet heile året.

Brannokumentasjonen for UiB er blitt revidert, og eksisterande brannteikningar er reviderte i papirformat. Det er halde tre kurs i brannvernopplæring for bygg- og plassansvarlege.

Meir fjernvarme og rydding av kjemikalier

Kontrakten med BKK Varme om levering av fjernvarme frå forbrenningsanlegget i Rådalen blei utvida i 2004, og omfattar no Jonas Lies vei 91 (BB-bygget), Allègt. 41 (Realfagbygget), Årstadveien 17 (Odontologen) og Årstadveien 21 (Overlege Danielsens hus). Realfagbygget forsyner i tillegg fleire hus i nærområdet. På bakgrunn av dette skal eldre oljekjeler fasast ut.

UiB sitt eige varmepumpeanlegg med inntak av sjøvatn i Jussbygget er fullt utbygd i 2004 og det gjenstår berre installasjon av ei sekundærpumpe i SV-bygget før anlegget er utnytta fullt ut.

Avfallsgruppa ved UiB har gjennomført ein ryddeaksjon med føremål å få vekk gamle kjemikalier. Aksjonen var særleg retta mot umerka kjemikalier og kjemikalier som representerer eksplosjonsfare.

Etter pålegg frå styremaktene begynte UiB arbeidet med utskifting av PCB-haldige lysarmaturar i 2004. UiB har fått dispensasjon til å ferdigstille arbeidet i løpet av 2005. Arbeidet pågår for fullt, og Realfagbygget er tilnærma ferdigstilt. Dette bygget utgjer hovuddelen av utskiftingsprosjektet.

Tal for 2004

Studentar

Antall studentar med studierett er 16 436.

Førebels resultat frå arbeidet med implementeringa av Kvalitetsreforma:

- Talet på eksamensmeldingar auka frå om lag 63 000 i 2003 til 68 000 i 2004. Ein større del av dei som melde seg, møtte til eksamen, og strykprosenten gjekk ned frå 9 prosent i 2003 til 7,8 prosent i 2004.
- Ein aukande del av dei nye studentane legg opp til å ta ein grad.
- Gjennomstrømninga i studia er betra.

I 2004 vart det avlagt studiepoeng tilsvarande 10 401 årseiningar.

Les [øvrige resultat](#) frå undervisningsaktivitetane.

Forsking

Universitetet har ei omfattande forskingsverksemd innan fleire område. Delar av denne verksemda er i 2004 underlagd eksterne evalueringar, med positive resultat.

Les [meir informasjon](#) om dette og [endå meir](#).

Rekneskap

Førebelse rekneskapstal viser at verksemda ved universitetet hadde eit omfang på 2,4 milliardar. Endelige rekneskapstal og årsberetning for 2004 vil vere klar 15. mai 2005. Rekneskap og årsrapport skal deretter reviderast av Riksrevisjonen før overlevering til Utdannings- og forskingsdepartementet 15. juli 2005.

Les [førebelse rekneskapstal](#) for universitets avdelingar.

Det historisk-filosofiske fakultet



Av 73 søknader om midlar til nye humanioraprojekt i NFR, vart berre tre prosjekt på landsbasis gitt løyving. Blant desse tre vart professor Ingunn Lunde (IKRR) sitt prosjekt Landslide of the Norm, gitt nærare 8 millionar, noko som er ei stor løyving innan humaniora.

Fleirfaglege satsingar

Satsing på utvikling av større fleirfaglege forskingsprosjekt og arbeidet med implementeringa av Kvalitetsreforma har vore viktige saker for HF-fakultetet i 2004.

Totalt har fakultetet relativt gode resultat for 2004, med ei auke i total studiepoengsproduksjon, fleire uteksaminerte kandidatar på høgare nivå og fleire studentar på utvekslingsopphald.

Tettare oppfølging

På alle nivå har kvalitetsreforma prega utdanningsverksemda ved fakultetet også i 2004, gjennom tettare oppfølging av studentane våre, og utvikling, kvalitetssikring og evaluering av fagtilbodet vårt. For første gong har vi systematisk nytta utdanningsplanane til å rettleie studentar, og vi har fått eit auka fokus på gjennomføring – også på lågare grad. Vi har arrangert regelmessige program møte for bachelorstudentane våre gjennom heile året, og har innført utdanningsplanar for masterstudentane i 2004. På tampen av året tok vi også til med å utarbeide ein tiltaksplan for masterutdanninga vår, med tanke på å betre gjennomføringa på høgare nivå.

Med innføringa av kvalitetsreforma vart det utarbeidd ein treårig evalueringsplan for alle emne og program ved fakultetet. I vårsemesteret hadde vi eit eige evalueringsprosjekt, der fakultetet sette av ressursar til disposisjon for fagmiljøa til utprøving av ulike evalueringsformer. Erfaringane frå prosjektet har vore gode.

I heile 2004 har fakultetet arbeidd med å få på plass tilrettelagde utanlandsopphald i bachelorprogramma våre, og vi har utvikla skreddarsydde tilbod i dei tilrettelagde programma.

Betre tilbod på første semester

Førstesemesterstudiet har hatt eit spesielt fokus også i 2004, og fakultetet har brukt mykje ressursar på å betre dette tilbodet. Alle studentar som ønskte det fekk i 2004 tilbod om seminarundervisning og plass på seminargrupper, noko som har gitt positive utslag på statistikken. Vi har arbeidd vidare med å betre samanhengen mellom dei ulike delane av førstesemesterstudiet, og vi har teke elektronisk studiestøttesystem som KARK og Classfronter i bruk i stor målestokk på desse innføringsemna.

I løpet av året fekk vi også på plass permanente faglege koordinatorar for Akademisk skriving og Tekst og kultur.

Nye studietilbod

På bachelornivå har fakultetet etablert fire nye studietilbod: Bachelorprogram i Europastudier, Bachelorprogram i kvinne- og kjønnsstudiar, Bachelorprogram i retorikk, og ein ny tilvekst til det fireårige studieprogrammet i utøvande musikk gjennom ei utviding av eit toårig tilbod ved Ole Bull-akademiet til ei fireårig studieretning i tradisjonsmusikk.

Vi har starta to integrerte lærarutdanningar: femårig masterutdanning i framandspråk og i nordisk. Fagdidaktikarane vart ein integrert del av fagmiljøa våre dette året, og vi fekk eit nytt lærarutdanningsutval.

Eit anna nytt tilskot ved fakultetet er eit femtenstudiepoengsemne i praktisk informasjonsarbeid som skal starte opp komande studieår. Fakultetet har sett nærare på skriving gjennom heile utdanningsløpet vårt, frå innføringsemna til PhD-nivå, og vil løpet av 2005 ta fatt i tilrådingane frå arbeidsgruppa.

Ansvar for etter- og vidareutdanning

Fakultetet har som ei prøveordning for 2004 hatt det administrative ansvaret for dei etter- og vidareutdanningstilboda våre som er gratis, og vi har prøvt ut dei studieadministrative systema vi nyttar i den ordinære verksemda vår på desse tilboda. Ei nyvinning av året var også studieretning i arbeidslivsstudier innafor ramma av masterstudiet i historie.

Satsar på regionalisering

Som ei lekk i HF-fakultetets satsing på utvikling av større forskingsprosjekt, vart det på forskingsbudsjettet for 2004 avsett to stipendiatstillingar og kr. 600 000 til utvikling av større prosjekt. Midlane vart utlyst som ein konkurranse i fagmiljøa og tildelt seks ulike forskingsprosjekt som har knytt til seg fleire forskarar på fakultetet, i tillegg til nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar.

Som innspel til UiBs forskingsstrategi foreslo HF eit nytt tverrfakultært satsingsområde: Region og regionalisering, med fokus på Vestlandet. I UiB si forskingsstrategi er det nå bestemt at region og regionalisering skal utgreiast som eit nytt satsingsområde. Fakultetet har satt ned ein tverrfakultær arbeidsgruppe som har fått i mandat å kartlegge aktuelle forskingsmiljø og utarbeide planar for eit forskingsprogram innafor regionalisering med fokus på Vestlandet som kulturregion. Gruppa skal også vurdere aktuelle samarbeidsmiljø ved Høgskolen i Bergen og eventuelle andre institusjonar på Vestlandet.

Av 73 søknader om midlar til nye humanioraprojekt i NFR, vart berre tre prosjekt på landsbasis gitt løyving. Blant desse tre vart professor Ingunn Lunde (IKRR) sitt prosjekt Landslide of the Norm, gitt nærare 8 millionar, noko som er ei stor løyving innan humaniora.

Ny forskarskule

Forskarskulen i Språkvitskap og filologi starta opp i oktober 2004. Fire andre universitet og høgskular er interessert i eit samarbeidd for å utvikle dette til eit nasjonalt tilbod. Til nå er 14 kandidatar knytt til forskarskulen. I tillegg deltek 6 andre doktorgradskandidatar på nokre av aktivitetane. Dei tre forskarskulane ved HF (Språk og språkvitskap, Program for studier av antikkens kristendom og Senter for Middelalderstudier) samarbeider om fellestiltak. HF delfinansierer også den nasjonale forskarskulen i estetiske fag: Tekst, bilde, lyd og rom.

Det juridiske fakultet



Det juridiske fakultet vart tildelt departementet sin kvalitetspris 2004 for studieplan for mastergradsstudium i rettsvitenskap. Dei fleste studentane ser verdien av ein meir strukturert studiekvardag, seier dekanus Ernst Nordtveit.

Styrking av juridisk forskning og utdanning

Fakultetet jobbar for å betre situasjonen for rettsvitenskapleg forskning og utdanning, både gjennom egne studieopplegg og internasjonal forskingssamarbeid.

Ny studieplan

Studieåret 2003/2004 var det fyrste året med ny studieplan. Fakultetet hadde då tre studieopplegg samtidig: eitt for dei som starta opp studiet etter den nye planen, eitt tilpassa opplegg for dei med overgang frå gammal studieordning til ny plan, og eitt for dei som vil avslutta etter gammal studieordning.

I 2003/2004 blei ei omfattande evaluering gjennomført for dei tre fyrste semestra av det nye studieopplegget. Evalueringsopplegg og resultat er dokumentert i ein eigen rapport. Fakultet vart tildelt departementet sin kvalitetspris 2004 for studieplan for mastergradsstudium i rettsvitenskap.

Heva kvalitet

Fullføringa av studiet var for 1. studieår i gjennomsnitt 91 prosent, for 2. studieår 92 prosent, og for 3. studieår 91 prosent. Strykprosenten varierte frå 0 – 4.4. Volumet av skrivning i den nye studieplanen er hovudårsaka til den høge fullføringa, og ein registrerte ei monaleg kvalitetsheving på eksamenssvar i enkelte kurs.

Studentane si totaloppleving av læringsutbytet av dei ulike undervisnings- og læringsopplegga i kursa, er i dei fleste samanhengar positive, både når det gjeld dei gitte oppgåvene, førelesingane og gruppeleiarane sine bidrag. Unntaket er for opplevd læringsutbyte av storgruppesamlingane, kor ein enno ikkje fullt ut har funne ei form som gjer at studentane opplever auking i sitt læringsutbyte frå gruppesamlingane til storgruppesamlingane gjennom den mellomliggende skrivning av oppgåver.

Det er gjennomført to samlingar med dei kursansvarlege for å drøfta ytterlegare tiltak for å heva kvaliteten. Ei rekkje forbetringar er sette i verk. For universitetslektorar og stipendiatar er det gjennomført eit pedagogisk kurs med fokus på seminaret som undervisningsform.

Fakultetet forventar at ca. 150 studentar vil skriva masteroppgåve i løpet av 2005, og har i 2004 arbeidd med å tilrettelegga det opplegget som også vil vera naudsynt når tilnærma 350 studentar pr. år skal skriva masteroppgåva.

Fakultetet har arbeidd med si tilpassing til UiB sitt kvalitetssystem. Fakultetet vil tilsetja to programsensorar.

Studieopplegget er kostnadskrevjande. Fakultetet vil måtte senka dei faglege ambisjonane dersom finansieringa ikkje vert betre.

Satsar på konkurranserett

Fakultetet har halde fram med satsing på oppbygging av eit forskingsmiljø i konkurranserett. Ein har også satsa sterkt på eit prosjekt i europeisk kontraktsrett, der ei stor gruppe av forskarane ved fakultetet er engasjerte i ei internasjonal forskergruppe. Denne gruppa har fått forskingsrådsmidlar til eit 3-årig prosjekt. Eit tredje satsingsområde med forskingsrådsfinansiering er pre-aktiv strafferett som forskar på rettslege strategiar i kampen mot terrorisme og organisert kriminalitet. Det er etablert eit nytt satsingsområde ved universitetet om demokrati og rettsstat, noko fakultetet satsar stipendmidlar og forskingsressursar på.

Fakultetsstyret har vedteke å arbeide vidare med sikte på å oppretta forskarskular, og har vedteke å etablere forskargrupper som organisatorisk ramme kring forskingsverksemda. Desse vert venta å vera etablert før påske 2005.

Auka internasjonalt engasjement

Fakultetet har lukkast i å vidareutvikla det internasjonale engasjementet. Aldri før har så mange av våre forskarar delteke på internasjonale kongressar og seminar, hatt forskingsopphald i utlandet og samarbeid med utanlandske forskarar og miljø. Fleire av fakultetet sine forskarar deltek i prosjektgrupper og tverrfagleg forskingssamarbeid.

Fagleg styrking

Situasjonen for rettsvitenskapleg forskning og utdanning i Noreg er sterk ubalanse med trongen for kunnskap og kompetanse i samfunnet. Fakultetet satsa i 2004 sterkt på å få fram kor viktig rettsvitenskapen er i organsering av samfunnet og løysing av politiske, sosiale og økonomiske oppgåver både nasjonalt og internasjonalt. Styrking av juridisk forskning og utdanning vil vera avgjerande for Noreg si evne til å konkurrera med dei europeiske landa som legg store ressursar i utviklinga av sine rettslege strukturar med sikte på økonomisk og sosial utvikling. Fakultetet samarbeider med Justisdepartementet, dei andre juridiske fakulteta i Noreg og Noregs forskingsråd for å leggja grunnlaget for ei betring av situasjonen.

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet



I 2004 fikk Institutt for informatikk sin første kvinnelege professor: Pinar Heggernes.

Ny leiingsstruktur og god studentrekruttering

Ein ny leiingsstruktur, som inneber tilsette instituttleiingar med utvida budsjettfullmakter, er implementert ved fakultetet i 2003-2004.

Ny leiingsstruktur

Som resultat av ny leiingsstruktur og rammebudsjetttildelingar til institutta, har fakultetet fått kontroll med kostnadane. Målet om å redusera kostnadar til løn i høve drift er difor kome nærare. I 2004 vart det etablert eit strategisk leiarteam ved fakultetet der dekanatet, instituttleiingar og fakultetsdirektøren inngår. Leiarteamet har i 2004 byrja arbeidet med ein ny strategisk plan for fakultetet. Fakultetet har også starta ein prosess for å sjå fakultetets samla administrasjon og oppgåver meir i samanheng. Dette for å sikre ein rasjonell organisasjon tilpassa den nye leiingsstrukturen.

Fleire utanlandske studentar

I motsetnad til realfagsutdanning ved andre lærestader, er studentrekrutteringa til fakultetet god. Hovuddelen av nye studentar denne hausten hadde søkt seg inn på eitt av fakultetet sine 18 bachelorprogram eller fire integrerte masterprogram, deriblant to nye tilbod innan lærarutdanning. Fleire av studieprogramma representerer eit samarbeid mellom fleire fakultet ved Universitetet i Bergen. Fakultetet sine to ernæringsrelaterte studieretningar på mastergrad vart i haust inkludert i universitetet sitt nye tverrfaglege studietilbod i ernæring.

Søkinga til masterutdanninga ved fakultetet er også god, og det vert stadig fleire utanlandske søkjarar utanom kvoteordninga. Fakultetet tek imot mange utanlandske utvekslingsstudentar, og talet på utreisande er aukande.

Fakultetet har i 2004 gjennomført ei større satsing for å heva kvaliteten på viktig undervisningsutstyr. Alle dei store auditoria ved fakultetet er oppgradert med standardisert nettverkstilkopla AV-utstyr, og talet på student-PCar er dobla.

Forskning og formidling

Forskningsaktiviteten er organisert gjennom åtte institutt ved fakultetet, og i nær tilknytning til fleire av avdelingane i Unifob: Bjerknessenteret for klimaforskning, Avdeling for petroleumsforskning, Avdeling for beregningsvitenskap, Sars-senteret og Avdeling for naturvitenskap. Dei to første har status som sentre for framifrå forskning (SSF). Også Senter for miljø og ressursstudiar har aktivitetar som er nært integrert med forskingsmiljøa ved fakultetet.

For å samkjøre den marine aktiviteten ved fakultetet, vart det i 2004 oppretta eit Strategiutval for marine fag.

Av særskilte hendingar innan forskning i 2004 kan det trekkjast fram at Fedor Fomin ved Institutt for informatikk av Noregs forskingsråd vart tildelt prosjekt som ein av Noregs 26 yngre framragande forskarar. I tillegg kan professorane Jan Mangerud og John Inge Svendsen frå Institutt for geovitskap skilta med ein artikkel om istidsklimaet i Nord-Russland som dekkja framsida i det prestisjetunge tilskriftet Nature. Professor Harald Furnes ved Institutt for geovitskap skapte oppslag i Science etter å ha påvist biologisk aktivitet i 3,5 milliardar år gamle bergartar, noko som har gitt nye spor i jakta på det eldste liv på jorda. Discover Magazine har rangert dette funnet som nr. 14 på lista over dei viktigaste vitskapelige oppdagingane i 2004.

Dokumentarserien "Utanfor Eden", som handlar om samspeilet mellom menneske og natur, vart vist på NRK-TV i jula 2004. Forskarar frå UiB har spilt ein sentral rolle i dette arbeidet, og professor Peter Emil Kaland ved Institutt for biologi har vore konsulent for serien.

Første kvinnelege professor ved Institutt for informatikk

Fakultetet har lenge hatt som mål å auke kvinneandelen blant dei vitskapleg tilsette. Dette tar dessverre tid, blant anna fordi mange ledige vitskaplege stillingar ikkje kan lysast ut grunna manglande økonomi. Få utlysningar medfører mindre sjanse for rekruttering av kvinner til faste stillingar. Det er difor svært gledelig at Institutt for informatikk i 2004 fikk sin første kvinnelege professor: Pinar Heggernes.

Det medisinske fakultet



Frå Det medisinske fakultet gjekk det ut 49 doktorgrader i 2004. Det er rekord i fakultetet si historie.

Rekordmange doktorgrader

Omstillinga til storinstitutt er i slutfasen, og resultat frå fleire store evalueringar av undervisning og forskning gav gode resultat. 2004 gav også rekordmange nye medisinske doktorgrader.

Det medisinske fakultet er no organisert i seks storinstitutt og eitt senter. Dei nye storinstitutta er i slutfasen av omstillinga med eigne administrasjonar, og i 2005 vil også tilsette instituttleiarar vere på plass.

Revidert studieplan

Resultat frå fleire store evalueringar av undervisning og forskning kom i 2004. Fagevaluering av klinisk, epidemiologisk, samfunnsmedisinsk og psykologisk forskning vart lagd fram av Norges Forskningsråd. Evalueringane gav fakultetet gode og konstruktive tilbakemeldingar på verksemda. To av forskingsfeltene ved fakultetet fekk toppvurderinga "excellent".

Den omfattande evalueringa av det årlege 150-opptaket i medisinstudiet har munna ut i ein ny revidert studieplan som vert sett i verk frå hausten 2005.

Doktorgrads-rekord

Frå Det medisinske fakultet gjekk det ut 49 doktorgrader i 2004. Det er rekord i fakultetet si historie. Av desse var ti PhD-grader, inkludert den første PhD-graden som vart godkjent i det nye doktorgradsprogrammet ved UiB. Også talet på dokumenterte vitenskaplege publikasjonar held seg på eit høgt nivå, nær 600 vitenskaplege tidsskriftartiklar vart publisert i 2004.

Fire forskarskular er under etablering for å auke talet på doktorander og styrkje kvaliteten i dei vitenskaplege arbeida.

Forskarlina i medisinstudiet svarar til forventningane, og gjev om lag ti prosent av studentkulla ei grunnleggjande og kvalitetsmessig god innføring i forskingsmetodikk m.v. Rekrutteringssituasjonen for medisinsk og helsefagleg forskning er betre enn tidlegare år.

Prioriterer internasjonal helse

Dei strategiske satsingane innan FUGE-programmet (funksjonell genomforskning) viser lovande resultat. Det samme kan seiast om eit omfattande europeisk kreftforskningsprogram som er koordinert frå Institutt for biomedisin. Internasjonal helse er eit område som både fakultetet og UiB sentralt

prioriterer og vil investere nye ressursar i. Nye utdanningsprogram i farmasi, ernæringsvitskap og manuell terapi for fysioterapeuter er etablert og under oppbygging.

Positivt samarbeid med helseforetaka

Medisinsk ferdighetscenter vart opna hausten 2004. Senteret gir studentar og helsepersonnel tilbod om relevant praktisk trening innan medisinske fag, og er eit samarbeidsprosjekt med Helse Bergen.

Samarbeidet med dei regionale helseforetaka Helse Vest og Helse Bergen har utvikla seg positivt. Det er eit omfattande og konstruktivt samarbeid innan både medisinsk og helsefagleg forskning, særleg med Helse Bergen og Helse Stavanger. Dette gir medisinsk og helsefagleg forskning på Vestlandet eit stort framsteg og løft, til nytte for folkesetnaden i helseregionen.

Nytt informasjonssenter

Informasjonssenter for studentar opna ved fakultetet hausten 2004. Senteret er eit forbetra servicetilbod der studentane kan få hjelp til store og små utfordringar i studiekvardagen.

Det odontologiske fakultet



I 2004 opna Senter for klinisk odontologisk forskning. Senteret fungerer som eit ressurscenter for fakultetet sine forskarar, samt forskargrupper frå andre forskingsinstitusjonar som fakultetet samarbeider med.

Forskning på tvers av fagområder og landegrensar

Senter for klinisk odontologisk forskning blei opna i 2004, og planprosessen fram mot eit nytt odontologibygget er i full gang.

Mot nytt odontologibygget

Ei oppgåve som særleg har vore i fokus i 2004, er planprosessen for nytt odontologibygget. Vinnarutkastet var klart tidleg på året, og sidan har vi arbeidd vidare med planlegging av bygget i ulike prosjektfasar. Planprosessen har vore tidkrevande, men i samarbeid med Statsbygg, UiB, Den offentlege tannhelsetenesta og arkitektgruppa er vi no i ferd med å fullføre forprosjektet. Bygget vil også innehalde eit kompetansesenter for tannhelsetenesta på Vestlandet og Den offentlege tannhelsetenesta sin nye sentralklinikk for Bergen. Denne samlokaliseringa gjev eit godt grunnlag for eit nærare samarbeid med denne delen av tannhelsetenesta.

I tillegg til dette fekk fakultetet hausten 2004 ein ny utfordring då universitetet tok opp att spørsmålet om eit helsefakultet. Av omsyn til tid og ressursar kunne vi sjølvstøtt tenkt oss å ikkje få denne saka samtidig med planprosessen for nybygget, men ser likevel at det er gunstig å sjå desse sakene i samanheng.

Nytt forskingssenter

I 2004 opna fakultetet Senter for klinisk odontologisk forskning. Senteret fungerer som eit ressurscenter for fakultetet sine forskarar, samt forskargrupper frå andre forskingsinstitusjonar som fakultetet samarbeider med. Våren 2004 vart det tilsett forskingsleiar ved senteret. Med ein kompetent vitenskapleg stab i tillegg, og nytt laboratorium, er viktige føresetnader for fakultetet si satsing på klinisk forskning på plass.

Tverrfagleg spisskompetanse

Fakultetet si satsing på tematiske forskingsgrupper har synt seg å bera frukt. Samarbeidet på tvers av fagområder vert stimulert, og det er etablert nye forskningsprosjekt med sterkare klinisk fokus. I tillegg er fakultetet tilknytta fire ulike tverrfaglege forskarskular: Senter for internasjonal helse, Translasjonell kreftforskning, Forskarskule for inflammasjon, mukosal immunbiologi og infektiose sjukdommar, samt Integreert nevrovitenskap. Dette samarbeidet gjev godt høve til å jobbe fram ein tverrfagleg spisskompetanse innan desse forskingsområda.

Vekt på forskingsformidling

Fakultetet har i 2004 gjennomført ein endeleg implementering av endringane i forskarutdanninga, der omfanget av doktorgradsavhandlinga er justert og kurstilboda er reviderte og gjennomarbeidde for å møte nye krav innan den nye forskarutdanninga. Det er vidare lagt spesielt vekt på formidling av eigen forskning i forskarutdanningsprogrammet. Forskarutdanningskandidatene ved fakultetet vert spesielt oppmuntra til å formidle forskning til tannlegestanden både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Forskningsformidling vart også ivaretatt av fakultetet generelt ved deltakinga i Forskningsdagene 2004 med temaet *Geniale tenner*, der fokus var på genforskning innan odontologi og potensiell dyrking av tenner. Fakultetet vann Forskningsdagane 2004 sin publikumspris for denne innsatsen.

Nye studieplanar

I 2004 vart utdanningsprogramma ved fakultetet prega av endringsprosessar og det å tilpasse seg nye krav. Ein detaljert studieplan for bachelorstudiet i tannpleie vart vedtatt, og implementering av det 2. studieåret stod sentralt i fagleg og studieadministrativt arbeid. Samtidig sette vi ned ei arbeidsgruppe som skulle arbeide med evaluering av den eksisterande studieplanen i odontologi, eit arbeid som vart slutført og lagt fram for oppfølging på slutten av året. Evalueringa fokuserte m.a. på undervisnings- og vurderingsformer i studiet, karaktersystemet og prosjektoppgåve, og synleggjorde kva for nokre utfordringar det vil medføre å tilpasse studiet til ein integrert mastergrad.

For spesialistutdanninga ved fakultetet er det vedtatt og iverksett ein studieplan for kjernepensum 1. studieår. Det første formaliserte opptaket innanfor ramma av ein ny 3-årig fulltidsutdanning vart gjennomført hausten 2004 med tretten kandidatar. Utdanninga er i stadig utvikling, og fremjar både faglege og organisatoriske spørsmål ved fakultetet. Arbeid med ombygging i samband med etablering av eigen Spesialistklinikk vart sett i gong.

Talet på studentar held seg framleis stabilt opp mot et maksimumsnivå, noko som medfører stor aktivitet i klinisk undervisning. Dette påverkar klinikkane, som har store utfordringar med å halde undervisninga på eit kvalitativt forsvarleg og fagleg høgt nivå. Situasjonen tydeleggjer behovet for nye og utvida lokaler.

Nasjonalt sekretariat for lisensprogram

Undervisningsverksemda ved lisensprogram for utanlandske tannlegar er vidareført med ny fagleg leiar. Det var tatt opp åtte nye kandidatar hausten 2004, som var innanfor ramma for nasjonalt opptak. Fakultetet i Bergen har styrka sin funksjon som nasjonalt sekretariat for opptak og drift av lisensprogramma.

Auka internasjonalisering

Fakultetet jobbar kontinuerleg med vidareutvikling av internasjonale avtalar når det gjeld studentutveksling i grunnstudiane. Primært er det ønskjeleg med nye avtalar innanfor etablerte nettverk som Nordplus og Sokrates/Erasmus, og i 2004 er etablerte avtalar utvida med samarbeid mot Reykjavik (Island), Århus (Danmark) og Berlin (Tyskland).

Med utvidinga av tannpleiarstudiet til 3-årig studium er det eit ønskje om å auke internasjonaliseringa i studiet, og dette har Studieutvalet ved fakultetet tatt tak i. Fakultetet har fornya ein del av sine samarbeidsavtalar med forskingsinstitusjonar i Afrika og Asia, og i tillegg jobbar fakultetet med å etablere samarbeid med nye internasjonale institusjonar, spesielt innan forskning. Halvparten av forskarutdanningskandidatene ved fakultetet gjennomfører delar av forskingsprosjektet sitt i samarbeid med internasjonale samarbeidspartnarar og samarbeidsinstitusjonar. Vidare byggjer ca. halvparten av prosjekta på innsamla datamateriale frå Afrika, Asia og Øst-Europa.

Det psykologiske fakultet



Professor David Lackland Sam vart tildelt den internasjonale forskingsprisen Early Career Award for 2004. Juryen la vekt på Lackland Sams vesentlege vitskapelege produksjon, hans store påverknad innan fagfeltet og hans raske avansement frå studiar via doktorgrad og post.doc. til professorstilling ved UiB.

Nye bachelorprogram og forskargrupper

Det psykologiske fakultet satsar vidare på etablering av sterke forskargrupper. Samstundes vert det arbeid målretta for å realisere meir heilskapelege utdanningstilbod for studentane, i tråd med intensjonane i kvalitetsreforma.

Nye forskargrupper

Basert på konkurranse og ekstern evaluering vart det etablert tre nye forskargrupper ved fakultetet i 2004: Experimental stress research (Professor Robert Murison); Victimization from bullying and harassment in the workplace: Prevention, problem management and treatment (Professor Ståle Einarsen) og Multicultural venues of empowerment in health and education (Professor Gro Th Lie). For å styrke dei prioriterte forskningsområdene har Fakultetet satt av midlar til strategisk bruk på forskning i størrelsesorden tre til fem prosent av budsjettet, blant anna gjennom tildeling av stimuleringsmidlar og universitetsstipend.

To tredjedelar av årets doktorandar som har deltatt i fakultetets forskarutdanning, hadde gjennomført på tilnærma normert tid, og vi kan også registrere ein nedgang i alder for disputas.

Forskarskule

Fakultetet har i 2004 etablert ein forskarskule innan integrert nevrovitskap (International Graduate School in Integrated Neuroscience) saman med Det medisinske Fakultet. Skulen har utstrakt nasjonalt og internasjonalt samarbeid blant anna ved stipendiatar finansierte av Krupp Stiftung, Greifswald, Tyskland.

Institutt for samfunnspsykologi og Institutt for utdanning og helse har utarbeidet planar for ein forskarskule med fokus på Human Interaction and Growth, med påtenkt oppstart frå september 2005.

Meir heilskapelege utdanningstilbod

Fakultetet står for ca. 20 prosent av nye studentar til lågare grads nivå ved Universitetet i Bergen, og fakultetet har hatt ein jamn vekst i produserte studiepoeng. Fakultetet har de siste to-tre åra arbeid målretta for å realisere meir heilskapelege utdanningstilbod for desse studentane i tråd med intensjonane i kvalitetsreforma, og ikkje minst for å gje eit betre og meir strukturert tilbod til den gruppa som ikkje makter å konkurrere seg inn på psykologstudiet. Det er planlagt at første året på lågare grad skal inngå som grunnlag for fleire studieprogram.

Som eit ledd i kvalitetsarbeidet oppretta fakultetet med verknad frå haustsemesteret 2003 ein Bachelorgrad i arbeids- og organisasjonspsykologi. Dette tilbodet viste seg å være eitt av dei mest populære programma ved universitetet, med rundt 800 søkjarar til 40 studieplassar.

I 2004 er det utarbeida planer for tre nye bachelorprogram innanfor pedagogikk, generell psykologi og helsefremmande arbeid. Desse programma skal danne rekrutteringsgrunnlag for allereie etablerte program på masternivå innanfor dei same fagområda.

Det samfunnsvitenskapelige fakultet



Frå desember 2004 er alle institutta ved fakultetet samla på Nygårdshøyden, og dermed er den mest omfattande endringsprosessen i fakultetet si historie over.

Historisk omfattande endringsprosess

Året har vore sterkt prega av omstillingsarbeid ved fakultetet. Den administrative omstillinga er i hovudsak fullført, og fakultetet har no ein hovudmodell med fellesadministrasjonar for grupper av institutt.

Frå desember 2004 er alle institutta ved fakultetet samla på Nygårdshøyden. Flytteprosessen vart fullført ved at Institutt for geografi flytta frå Breiviken til sentrum. Når desse flytteprosessene no er fullført, ligg tilhøva til rette for å utvikle nye former for fagleg samarbeid på tvers av etablerte instituttgrenser. Resultatet av omstillingsarbeidet vart dermed den mest omfattande endringsprosessen i fakultetet si historie.

Etablering av Institutt for informasjons- og medievitenskap

Fakultetsstyret gjorde hausten 2003 vedtak om å slå saman Institutt for informasjonsvitenskap og Institutt for medievitenskap til eit felles Institutt for informasjons- og medievitenskap. Utgangspunktet er at desse fagmiljøa nærmar seg kvarandre og at det i skjæringspunktet mellom dei to disiplinane kan utviklast eit unikt fagmiljø i nasjonal samanheng. Instituttet har gjort *demokrati* til sitt overordna forskingstema og emne for eksternt verksemd. Difor har ein tatt initiativet til ein open seminarserie om ytringsfridom, i samarbeid med Institusjonen Fritt Ord, Raftostiftelsen og Bergens Tidende. Samtidig er *konvergens*, den teknologiske prosessen som ligg bak fusjoneringa av dei to tidlegare separate institutta, eit særleg innsatsområde. Begge emne blir følgd opp på ein rekke ulike måtar.

Nye bachelorprogram

Fagleg sett spenner instituttet over tre typar tradisjonar: teknologi, samfunnsvitenskap og humaniora. Estetisk bildeteori og teknologikunnskap møtast sjeldan i akademiske samanhengar. Dei er imidlertid tett sammenkople i moderne audiovisuelle medier, frå film og tv til internett. Denne samanhengen i praksis er utgangspunktet for at instituttet satsar på oppstart av tre nye bachelorprogram frå hausten 2005, i film/tv-produksjon, i nye medier og i journalistikk. Desse studietilboda vert følgd opp av forskingsinitiativ der informasjon- og medievitenskap samarbeidar med både norske og internasjonale kjelder for å få finansiert forskinga.

Vidareføring av Program for helseøkonomi i Bergen (HEB)

Program for helseøkonomi i Bergen (HEB) vart saman med tilsvarande miljø ved Universitetet i Oslo (HERO) evaluert av ein nordisk fagkomité i 2003. Norges forskningsråd, saman med Helse- og omsorgsdepartementet og Finansdepartementet, har følgd opp komiteens innstilling om at begge forskningsgruppene burde vidareførast. Programmet er vedteke vidareført til 2011, administrert av NFR sitt programstyre for helsetenester og helseøkonomi. Bevilgninga for perioden 2005-2007 er på same nivå som tidlegare, men ei nedtrapping er signalisert frå 2008. Rammen for midlar som kan

søkast fritt frå programstyret skal då økast tilsvarande. Stillingar som er stilt til rådvelde frå Universitetet i Bergen og NHH er i ferd med å bli lyst ut. Fagleg profilerer HEB seg som eit nasjonalt forskingssenter med vekt på forskning innan evaluering av helsetiltak og styring av og i helseinstitusjonar.

Auke i studentutvekslinga

Fakultetet har ein omfattande aktivitet når det gjelder studentutveksling. Antallet utvekslingsstudentar auka i 2004. Totalt hadde fakultetet 205 inn- og utreisande studentar siste år. Enkelte institutt har utmerka seg spesielt på dette feltet. Ved vårt fakultet er det særleg Institutt for samanliknende politikk som må nemnast i denne samanheng.

Bergen Museum



Besøkstala til Bergen Museum er stadig aukande.

Museet oppgraderer samlingar og bygg

Senter for arboret- og hagedrift vart overført frå Det matematisk-naturvitskapelege fakultetet til Bergen Museum 1. juli 2004, og endra namn til Arboretet. Samstundes er Botanisk hage blitt ein del av Dei naturhistoriske samlingane.

Bergen Museum hadde 52.764 besøkande i 2004, medan talet var 45.586 året før. Dette er ein auke på rundt 16 prosent. Besøkstala for Muséhagen, Arboretet og Botanisk hage er ikkje tekne med.

Stort spenn i utstillingar

Satsinga med å oppgradere utstillingslokala heldt fram, og har gjort at gamle utstillingar er opna på nytt. Spesielt gledeleg har det vore for "Eksotiske fugler", som har stått stengt i fleire år. Nyopninga skjedde i slutten av april.

I juni opna utstillinga "Dyphavets hemmeligheter", som gir spennande innblikk i dei store havdjupa langs den Midt-Atlantiske ryggen i Atlanterhavet.

"Letters to women" var ei utstilling med afrikansk samtidskunst av kenyanske Lilian Nbulime, som formidlar smertene, men også motet, til kvinner som lever med HIV og AIDS. I haustsemesteret gjekk vi saman med utstillingsgruppa 3333 om prosjektet "Utdødde snylteplanter fra år 3333", ei framtidsfabulering om planteformer i framtida. "Kunsten å sove" var ei utstilling om søvn og draum. "Landskap og menneske: 20 000 år i Valle Spluga, italienske sentral-alper", opna i februar. "Kvaster på såret" vart leigd inn frå Tromsø Museum våren og sommaren.

Naturhistorisk vegbok, Hordaland

I oktober kom Naturhistorisk vegbok, Hordaland, ut. Dette er eit omfattande bokverk om naturhistoria i fylket, og ei storsatsing på formidling av naturressursar og naturkvalitetar i Hordaland. Samstundes fekk vi ein interaktiv, tredimensjonal "flysimulator" for Hordaland fylke, der brukaren kan lande på stader som er omtala i Naturhistorisk Vegbok, og hente opp informasjon. Simulatoren vil stå permanent på museet og vere tilgjengeleg for publikum.

Nytt pedagogisk opplegg

Bergen Museum hadde 206 omvisningar for skuleborn i 2004. I botanikk er det utarbeida eit nytt pedagogisk opplegg i samarbeid med Barnas Hus. I tillegg har museet ståande tilbod til alle skular om undervising innan alle våre fagområde.

Verdifullt tokt

Tilveksten til samlingane har vore stabil og på eit normalt nivå. Spesielt viktig er Mar-Eco-toktet sommaren 2004, som gav eit særstort og verdifullt materiale av fisk og virvellause dyr, særleg blekksprut. Handsaminga av materialet bringar inn forskarar frå alle verdshjørne, og vil ta fleire år.

Mangfaldig forskning

Forskinga ved Bergen Museum er mangfaldig og spenner over kulturhistoriske og naturhistoriske fagfelt.

Innanfor Dei kulturhistoriske samlingane vart det forska på religiøse førestillingar og praksis, mellom anna gjennom tolking av bergkunst og arkeologisk tilfang, samiske ritual, og fromleikspraksis i europeisk, historisk perspektiv.

Arkeologisk forskning konsentrerer seg om framveksten av byar i Norden i tidleg middelalder. Andre arkeologiske forskingsområde er kulturminneforskning og kulturminnevern, samt Vestlandsregionens paleohistorie, ikkje minst relasjonen kultur/natur.

Antropologane forskar på tilhøvet mellom menneske og teknologi, dessutan på krigstruslar og fredsarbeid mellom tamdyr-nomadar i Aust-Afrika. I samarbeid med arkeologar studerer ein også bygdelivet gjennom 4000 år i området rundt den øvre Kvite Nilen. Visuell antropologi står dessutan sterkt i museet sine antropologiske aktivitetar.

Ved Dei naturhistoriske samlingane går det føre seg varierte forskingsaktivitetar innanfor zoologi, botanikk og geologi. Kartlegging av gamle steinbrot og bruk av bygningsstein, spesielt kleberstein, er eit prosjekt der geologisk og arkeologisk forskning blir knytt i hop. I eit anna samarbeidsprosjekt mellom arkeologar, botanikarar og geologar, utforskar ein forvitring av bergartar med bergkunst. Oppbygging og nedbryting av den kaledonske fjellkjeda er også eit geologisk forskingsfelt.

Innanfor botanikken står forskning på lav (lichen) sterkt. I tillegg blir det forska det på emne som kulturlandskapshistorie, samt pollenproduksjon og -spreiing.

Museet har eit aktivt entomologisk forskingsmiljø som arbeider med faunistisk, taxonomistisk, systematisk og økologisk forskning. I tillegg til insekt, tusenbein og edderkoppdyr, blir det utført systematiske studie av andre dyregrupper som fisk og krepsdyr. Paleozoologi er eit anna viktig forskingsområde, og Bergen Museum har eit nasjonalt ansvar for alt animalt, osteologisk materiale.

Omfattande vedlikehald

Bergen Museum har utstillingar og samlingsmagasin i store, gamle bygningar. Desse krev eit omfattande indre og ytre vedlikehald. I 2003 kom Riksrevisjonen med rapporten "Bevaringen og sikringen av samlingene ved fem statlige museer". Her blir det peika på ei rekkje kritikkverdige forhold knytt til tilstanden til bygningane ved museet, og forholda for delar av samlingane. Rapporten har utløyst løyvingar frå Utdannings- og forskingsdepartementet, og museet har starta på rehabiliteringsarbeidet for Museplass 3 og Haakon Shetelig's plass 10. I løpet av 2004 blei omfattande malingsarbeid utført. Det elektriske anlegget vart utbetra eller skifta ut, og arbeidet med å sikre vindaugane mot UV-stråling har starta. Museet starta også arbeidet med å betre forholda for samlingane, og sette fokus på betre konservering av natur- og kulturhistorisk materiale.